



Mykje vart gjort med Helgheim i fjor og her er utvendig måling i gang midt på sommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Branningeniør Stein Kyrre Kvinge i kommunen saknar tilbakemeling frå ungdomslaget etter at fleire avvik vart påpeika etter branntilsyn for Helgheim i september.

No har han sendt førehandsvarsel om pålegg til ungdomslaget. Fristen for tilbakemelding var 3. november og Kvinge ber om at tilbakemeldinga vert sendt snarast og seinast innan 20. desember.

Dersom tilfredsstillande tilbakemelding om retting av dei avvik som er påpeika i rapporten vert gjeve innan fristen vil brannsjefen gje pålegg om slik retting med frist for gjennomføring.

Avvika galdt i vesentleg grad rømningsvegane.